

## Over 8.000 til søndagsskolen i Mali

19.03.2011



Ekteparet Wold - her i rollene som Peter og Jesus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen er ei god basarbygd. Det vart bekrefta i dag, då den ekstraordinære basaren til søndagsskulearbeidet i Mali ga ei inntekt på 8.340 kroner. Det kom nesten 30 på basaren i Bedehuset, som vart arrangert av søndagsskulen i Uskedalen og Herøysund saman med Normisjon.**

Søndagsskulearbeidet i Mali er prosjekt på laurdagsskulen og det var naturleg å satsa på dette føremålet. Ein film frå arbeidet i det fattige, afrikanske ørkenlandet fortalde om dei behova som dei har.

Nelly Kjærland og dei andre kunne frista med ein imponerende samling gevinstar og årsalet gjekk glatt una i tillegg til gevinstane på bok.

Eit par frø Ølen - Liv Herborg og John Birger Wold - deltok i programmet i dag og kjem att på eit møte i morgon føremiddag. Han har 30 prosent stilling som forkynnar i Normisjon medan ho er sterkt engasjert i søndagsskulen. Deira bodskap var at vi skal vera gode mot kvarandre og dei fortalde sjøløpplevde døme på at Gud brukar og leiar oss.



Familien Lakselv kjøpar årer. (Foto: Ola Matti Mathisen)